



VINDAFJORD KOMMUNE

# Vikebygð barnehage

## Årsplan 2018-2019



**Kommunal barnehage i same eining som skulen.  
Vik skule og barnehage**

**Opningstid:  
Måndag- fredag 06.45 -16.30**

**Tlf. 53 65 57 39**

**E-mail**

**[anne.byrkja@vindafjord.kommune.no](mailto:anne.byrkja@vindafjord.kommune.no)  
[anne.marte.waage.tveit@vindafjord.kommune.no](mailto:anne.marte.waage.tveit@vindafjord.kommune.no)**

# Innhald

<i>Farmside</i>	1
<i>Innhald</i> .....	2
<i>Innleiing</i> .....	3
Årsplanen har fleire funksjonar .....	3
1. <i>Rammefaktorar</i> .....	4
2. <i>Praktisk og generell informasjon</i> .....	5
Informasjon om barnehagen.....	5
Personalet.....	6
Personalet barnehageåret 2018 - 2019:.....	6
Opningstid og dagsrytme.....	6
Rutinar rundt bringing og henting av barna .....	6
Høve til å kjøpa ekstra tid .....	7
Klede og utstyr som barna treng .....	<b>Feil! Bokmerke er ikke definert.</b>
Korleis ein kan ta kontakt med barnehagen .....	7
Kva informasjon barnehagen gir ut og korleis .....	8
Tradisjonar og merkedagar .....	8
Årshjul med planleggingsdagar og feriar .....	9
3. <i>Føremål og verdi- grunnlag</i> .....	10
Barnehagen sitt føremål .....	10
Barnehagen sitt verdigrunnlag.....	10
4. <i>Innhaldet i barnehagen - omsorg, leik og læring</i> .....	11
Omsorg og oppseding .....	11
Leik .....	12
Læring.....	12
Sosial kompetanse .....	12
Språkleg kompetanse .....	13
Barnehagen som kulturarena .....	13
5. <i>Fagområda</i> .....	14
Kommunikasjon, språk og tekst.....	14
Kropp, bevegelse og helse .....	14
Kunst, kultur og kreativitet .....	14
Natur, miljø og teknikk .....	14
Etikk, religion og filosofi .....	15
Nærmiljø og samfunn .....	15
Antall, rom og form .....	15
6. <i>Satsingsområde</i> .....	16
Tiltak for å nå målsettinga:.....	16
7. <i>Overgang barnehage - skule</i> .....	17
8. <i>Planlegging og medverkenad</i> .....	18
9. <i>Dokumentasjon</i> .....	19
10. <i>Vurdering</i> .....	20
11. <i>Samarbeid</i> .....	20
Samarbeidsutvalet .....	20
Sentrale samarbeidspartnarar .....	21
Andre sentrale arenaer for samarbeid og utvikling.....	21
12. <i>Pedagogisk plan for barnehageåret</i> .....	22

# Innleiing

**Rammeplanen, s.37:** *Alle barnehagar skal utarbeida ein årsplan.*

**s.38:** *”Årsplanen har fleire funksjonar:*

- *Arbeidsreiskap for barnehage-personalet til å styra verksemda i ei bevisst og uttalt retning*
- *Utgangspunkt for foreldra til å kunna påverka innhaldet i barnehagen*
- *Grunnlag for det kommunale tilsynet med barnehagen*
- *Informasjon om det pedagogiske arbeidet i barnehagen til eigaren, politikarane, kommunen, samarbeidspartar og andre interesserte”*

## Årsplanen har fleire funksjonar

For personalet er årsplanen ein arbeidsreiskap for å styra verksemda i ei medvite og uttala retning.

Årsplanen gir samstundes foreldre/ føresette høve til å kunna påverka innhaldet i barnehagen og den dannar grunnlaget for kommunen sitt tilsyn med barnehagen.

Vidare gir årsplanen informasjon om barnehagen sitt pedagogiske arbeid til andre interesserte.

Årsplanen blir kvart år vedtatt av barnehagen sitt samarbeidsutval. Det er barnehagen sin styrar som har ansvaret for det faglege innhaldet i årsplanen.


I Vindafjord kommune er det utarbeida felles mal for årsplanarbeidet.

*Denne planen for  
barnehagane i Vindafjord  
kommune byggjer på  
Rammeplanen frå  
Kunnskapsdepartementet*

# 1. Rammefaktorar

Styringsdokument som ligg til grunn for drift av barnehagane og som barnehagane byggjer sine planar på, er:

- Barnehagelova (Lov av 17.juni 2005 nr. 64 om barnehagar)
- Rammeplanen 2017 (Forskrift til barnehagelova)
- Vedtekter for barnehagane i Vindafjord kommune (2017)



Barnehagane er sjølvstyrte einingar med barnehagestyrar som einingsleiar (med unntak av dei krinsane der barnehage og skule er ei sams eining med rektor som einingsleiar). Styrar/rektor rapporterer direkte til kommunalsjef. Han er ein del av leiargruppa til rådmannen, og desse har m.a. skule- og barnehagefaglege rådgjevarar i sin stab.

Barnehagen får sin økonomi fastsett i kommunen sitt budsjett.

## Internettadressene til dei viktigaste styringsdokumenta:

### **Barnehagelova:**

<http://www.lovdatab.no/all/nl-20050617-064.html>

**Rammeplanen:** <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/rammeplan/>

### **Vedtekter for barnehagane:**

<https://www.vindafjord.kommune.no/handlers/fh.ashx?Filld=2333>

## 2. Praktisk og generell informasjon

### Informasjon om barnehagen

Skulen og barnehagen i Vikebygd har frå 2006 vore organisert som ei eining - Vik skule og barnehage. Barnehagen heiter **Vikebygd barnehage**. Adressa vår er: Vikevegen 1264 5568 VIKEBYGD. Viktige telefonnummer og mail adr.er:

**Barnehagen: 53655739**

**Skulen: 53655730**

**Anne Marte W. Tveit (einingsleiar): 92241257**

**Anne Byrkja (Styrar/ pedagogisk leiar):45610931**

**Email:**

[anne.byrkja@vindafjord.kommune.no](mailto:anne.byrkja@vindafjord.kommune.no)

[anne.marte.waage.tveit@vindafjord.kommune.no](mailto:anne.marte.waage.tveit@vindafjord.kommune.no)

Vikebygd barnehage er ein kommunal barnehage, der kommunen er eigar.

Barnehagen vår blei opna i 1977. Fram til 1990 var barnehagen lokalisert i bygdahuset. Frå 1990 til 2008 var barnehagen i same lokala som skulen, ein "lånte" to klasserom som blei brukt til barnehage.

I september 2008 flytta me inn i nye lokaler. I nybygget er det og personalavdeling for heile eininga, klasserom for 1.-2. klasse og SFO. Me har eit fint uteområde som ligg nær boligområda i Vikebygd, og er næraste nabo til eit flott friluftsområde med gangavstand til sjøen.

Barnehagen har 33 plassar for barn i alderen 0-6 år.

Det er kommunen som til ei kvar tid sender rekning på barnehageopphaldet. Det vert gitt syskenmoderasjon.

Barnehagen si opningstid er måndag til fredag frå kl. 06.45 – 16.30.

I Vindafjord kommune sine vedtekter for barnehagar står det at borna si opphaldstid i barnehagen til vanleg ikkje bør vera over 9 timar pr. dag.

Barnehagen er stengt lovfesta off. heilagdagar og fridagar samt jule- og nyttårsafta. Onsdag før skjærtorsdag stenger barnehagen kl. 12.00.

Barnehagen er open deler av sommaren, Vindafjord Kommune har egne vedtekter om feriestenging av barnehagar. Ein kan og i periodar av ferien, stengja etter avtale med foreldra dersom det er få barn, evt samarbeida med andre barnehagar.

Barna skal i løpet av året ha 4 veker ferie, og tre av desse må takast samanhengande mellom 15 juni og 15 august. Barnehagen skal ha tilbagemelding på barnets ferie innan 1 mai.

Barnehagen har fem planleggingsdagar i året. Desse dagane held barnehagen stengt.

## Personalet barnehageåret 2018- 2019:

Vikebygd barnehage har ca. 3,8 årsverk.

Namn	Stilling	%
Anne Byrkja	Styrar/ped.leiar	100
Anne Marte W. Tveit	Einingsleiar	17,5
Ellen Skretteberg	Assistent	77,5
Anne Wenche Vik	Fagarbeidar	100
Lene Bjerga	Førskulelærer	42
Hjørdis M. Vårvik	Assistent	40

Vikarar: Aud Mansåker, Rong Zeng, Reidun Bakkevik,  
Cathrine Hamre Tindeland og Jenny Haraldseid

### Opningstid og dagsrytme

I Vikebygd barnehage har vi ikkje ein fastspikra dagsrytme, den varierar, men det er enkelte ting vi gjer kvar dag. Dagsrytmen i barnehagen ser slik ut:

- 06.45 Barnehagen opnar. Vi har ein roleg start på dagen.
- 08.00- 09.00 Frukost for dei som ynskjer. Barna et når det passar dei. Smørjemat / graut.
- 09.30-ca 11.00 Samlingstund, grupper med aktivitetar som forming, språkgrupper, spel, osb. Bruk av gym.sal/lavo eller tur.
- Ca. 10.45 - 11.30 Lunsj, smørjemat, varm mat eller mat tilberedt ute om me er på tur, til dømes graut, suppe.
- Ca. 12.00 Uteleik
- Ca. 14.00. Yoghurt eller påsmurte skiver og frukt. Me et ute eller inne etter vær og årstid.
- 16.30. Barnehagen stenger

### Rutinar ved bringing og henting av barna

Dersom det ikkje er personal i garderoben når de kjem om morgonen, **skal** barnet følgjast inn på avdelinga. Barnet skal alltid vaska hendene før dei kjem inn, dette for å redusera smitte.

Foreldra **skal** gi beskjed til personalet i barnehagen når de hentar barnet dykkar, slik at me til ei kvar tid veit kven som er igjen i barnehagen og kven som har gått heim.

Foreldra må fylle ut eit skjema om kven som har lov til å henta barnet. Dersom nokon som ikkje står på lista skal henta, må foreldra gi beskjed til barnehagen.

Barnet bør bli levert i barnehagen innan kl. 09.30 om morgonen. Dette for at barnet skal få ein god start på dagen, det er lettare å komma inn i leiken

om ein ikkje kjem for seint til barnehagen. Aktiviteter og samling starta ca.kl.09.30.

### **Sjukdom**

Dersom barnet er sjukt skal barnet vera heime. Dette fordi det er best for barnet og grunna smittefaren ein utset dei andre barna for. Gi beskjed dersom barnet av ein eller annan årsak ikkje kjem i barnehagen ein dag. Bli barnet sjukt eller utsett for ei ulukke, og me ikkje får kontakt med heimen, tek me kontakt med lege eller helsestasjonen.

### **Høve til å kjøpa ekstra tid**

Det er høve til å kjøpa ekstra dagar ved ledig kapasitet i barnehagen. Ved kjøp av ekstra dagar betalar ein kr. 280.- pr dag. Me gir ikkje søskenmoderasjon ved kjøp av ekstra dagar.

### **Hugseliste over klede som barnet treng i barnehagen:**

**De må merka barna sine klede. Dei kan merkast med klistre/strykelappar eller med vannfast tusj.**

#### **Byteklede:**

- Truser
- Trøye
- Strømpebukse/stillongs
- Sokkar
- Bukse
- Genser
- Vottar
- Lue

#### **Varme klede:**

- Ull/fleecebukse
- Ull/fleecegenser
- Ullsokkar
- Vinterdress
- Skjerf
- Lue
- Vottar

#### **Regnklede:**

- Regnbukse
- Regnjakke
- Støvlar

### **Korleis ein kan ta kontakt med barnehagen**

Dagleg kontakt med foreldra er ein viktig del av samarbeidet. Dette er viktig for å formidle beskjedar, og for at borna skal føla seg trygge. Ein står fritt til å ringa til barnehagen kor tid som helst om det er noko ein lurar på eller har lyst til å diskutera. Ein må sjølv sagt også ta kontakt med personalet når ein er i barnehagen om det er noko ein har lyst å seie. Det kan vere lurt å snakka med den vaksne under fire augo slik at barna ikkje får med seg kva ein vil ta opp om det angår dei.

Telefonnummer til barnehagen er 53655739

Telefonnummer til rektor/styrar sitt kontor er 53655730

### **Kva informasjon barnehagen gir ut og korleis**

Kvar haust gir me ut ein **informasjonsfoldar** og ein **årsplan**. Årsplanen er målretta og vert skrive for kvart år. Den er eit styrande dokument som blir evaluert og utvikla. Den seier noko om kva vi ynskjer å oppnå, kva ein vil gjennomføra og korleis ein vil leggja til rette.

Me lagar periodeplan/ månadsplan som seier noko om kva me skal jobba med dei månadene som kjem. Vidare brukar me bilete som dokumentasjon og informasjon om kva dagen inneheld.

Munnleg informasjon blir gitt til foreldra i bringe- hentesituasjonen. Dei får og informasjon gjennom foreldremøter- og samtalar og alle nye får ei eiga "informasjonsavis".

### **Tradisjonar og merkedagar**

Når nokon i barnehagen vår har bursdag heiser me flagget og heng opp bilete på døra inn til avdelinga slik at alle får sjå kven som skal feirast. Bursdagsbarnet får krone, me syng bursdagssang og blir gynga i teppet. Barnet vel eit eventyr og ein ting frå "bursdagskassen".

I tida før jul brukar vi mykje tid på å formidla juletradisjonar og julebodskapen. Kvart år er me invitert på Julevandring i Kyrkja. Andre tradisjonar er bl.a. Luciafeiring, nissemarsj, grautfest, besøk av nissen i skogen, og julefrukost der me invitera foreldra.

Påskan markerer me med å formidla påskebodskapen, påskelunsj og besøk av påskeharen. Me gjer og barna merksame på alt det nye livet som kjem i naturen om våren.

Kvart år er me invitert av Kateketen på påskevandring i kyrkja.



## Årshjul med planleggingsdagar og feriar

Nytt barnehageår starta opp igjen 15 aug. 2018.

Barnehagane er stengde på lovfesta offentlege heilagdagane og fridagar samt jule- og nyttårsafta.

Onsdag før Skjærtorsdag stenger barnehagane kl. 12.00.

I løpet av barnehageåret held barnehagane stengt fem planleggingsdagar.

Desse blir kvart år fastsette i barnehageruta.

Juli er betalingsfri månad.

15.08.18	Oppstart av nytt barnehageår
September	Oppfølgingsamtale med foreldra til nye barn.
Sept./oktober	Foreldremøte. Foreldrerådet vel nye foreldrerepresentantar til SU. Barnesamtalar med skulekameratane
Måndag 24.09.18	Planleggingsdag nr 1 (bhg er stengt)
Okt/ november	Foreldresamtalar
Fredag 16.11.18	Planleggingsdag nr 2 (barnehagen stengt)
Desember	Luciafeiring, julefrokost, nissemarsj til butikken, grautfest, nissebesøk i skogen
Februar/mars 6 februar	Karneval Markering av Samefolkets dag
Fredag 01.03.19	Planleggingsdag nr 3. (bhg stengt).
April	Barnesamtalar med skulekameratane Konferansar for skulekameratane, tilbod om konferansar for dei andre barna etter behov.
Mai	17.mai-øving i barnehagen. Aktivitetsdag. Vårfest /besteforeldrefest Foreldremøte etter behov.
Fredag 31.05.19	Planleggingsdag nr 4 (bhg er stengt)
Juni	Avslutning for skulekameratane

### **Feriar:**

Alle barn har rett på fire ferieveker. 3 veker må takast samanhengande i perioden 15.juni – 15.august. Styrar kan gjere unntak frå dette i særlege høve. Barnehagen skal ha melding om kva tid barnet skal ha sommarferie innan 1.mai.

Den siste ferieveka kan takast når som helst i barnehageåret, og den kan etter ønskje delast opp. Barnehagen skal likevel ha melding om når barnet skal ha evt. feriedag seinast 2 veker på førehand.

Kommunen kan stengje barnehagar om sommaren, i enkelte veker, når talet på barn som nyttar barnehagen er lågt. Det vil bli gitt eit kommunalt barnehagetilbod som foreldre, etter søknad, kan nytta for sine barn i desse vekene.

### 3. Føremål og verdi-grunnlag

*"Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimane ivareta barnas behov for omsorg og leik, og fremja læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal byggja på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, tilgjeving, likeverd og solidaritet, verdiar som kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettane.*

*Barna skal få utfalda skaparglede, undring og utforskartrøng. Dei skal læra å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen. Barna skal utvikla grunnleggjande kunnskapar og ferdigheiter. Dei skal ha rett til medverknad tilpassa alder og føresetnader. Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenna barndommens eigenverd. Den skal bidra til trivsel og glede i leik og læring, og vera ein utfordrande og trygg stad for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremja demokrati og likestilling og motarbeida alle former for diskriminering.*

*(Barnehagelova § 1, endra 01.08.2010).*

#### Barnehagen sitt føremål

Barnehagen skal byggja verksemda på dei etiske grunnverdiane som er forankra i kristen og humanistisk tradisjon, og som er venta å ha ei brei oppslutnad i befolkninga i Noreg. Desse grunnverdiane finn me òg i dei fleste andre religionar og livssyn, t.d. nestekjærleik, tilgiving, likeverd og solidaritet.

Barnehagen skal læra barn om tru og verdiar, medan opplæring til tru er det heimen som har ansvar for.

#### Barnehagen sitt verdigrunnlag

Barnehagen byggjer arbeidet på følgjande grunnleggjande verdiar: **fellesskap, omsorg og medansvar.** Me skal her representera eit miljø som byggjer opp respekt for menneskeverd og retten til å vera ulike. Dette vil me skal komma til uttrykk gjennom at me legg sentrale samfunnsverdiar som menneskeleg likeverd, likestilling, åndsfridom og toleranse til grunn for omsorg, oppseding, leik og læring.

Likestilling mellom kjønna skal visast igjen i barnehagens pedagogikk. Personalet i barnehagen skal reflektera over eigne haldningar og samfunnets forventningar til gutar og jenter, slik at ein kan oppdra barn til å møte og skapa eit likestilt samfunn.

I dagleglivet i barnehagen skal me arbeida for å fremja forvaltaransvaret for natur og kultur og ansvaret for livet og helsa til andre menneske.

Personalet har som rollemodellar eit særleg ansvar for at barnehagens verdigrunnlag blir etterlevd i praksis. Refleksjonar over eigne verdiar og haldningar bør difor gå inn i personalet sine pedagogiske drøftingar.

## 4. Innhaldet i barnehagen - omsorg, leik og læring

Innhaldet i barnehagen skal vere allsidig og variert, og skal utformast slik at kvart enkelt barn får opplevingar og erfaringar som støttar utviklinga av kunnskap, evner og haldningar. Samtidig skal innhaldet støtta språkleg og sosial kompetanse gjennom felles opplevingar og samvær. Barn bør få oppleve at digitale verktøy kan vera ei kjelde til leik, kommunikasjon og kunnskapsinnhenting. Arbeidsmåtene og innhaldet må sjåast i samanheng.

*«Årsplanen skal mellom anna visa korleis barnehagen arbeida med omsorg, leik, danning og læring. Her må også progresjon tydeleggjera»  
(Rammeplanen s.38)*

### Omsorg og oppseding

#### Våre haldningar til barn og barneoppseding:

I vårt pedagogiske arbeid vil vi legge vekt på omsorg, leik, samspel, glede og barn sin rett til medverknad.

Me har tru på at all utvikling skjer i relasjon til andre og at det er kvaliteten i samspelet som gir grunnlag for utvikling. Det vil sei at me har den haldning at barn sine opplevingar og erfaringar er like verdifulle som dei vaksne sine. Dette inneber grunnleggjande respekt for barn og barndom og set barn sine opplevingar i fokus.

I kvardagen vil dette gjenspegla seg i at barna sine initiativ og medverknad vert tatt på alvor slik at dei får ei reel moglegheit til å påverke sin eigen kvardag. Dette kan vere frå å dekkja bord, bestemma turar og til større prosjekt som kan vare over tid.

Dei vaksne har ansvar for å la alle barn få moglegheit til medverknad ut i frå føresetnader, ynskjer og behov.

Som oppdragar har ein også ein rolle som grensesetjar. Me meiner barn har behov for grenser for å kunne utvikla seg og verta trygge. Me vil leggja vekt på å ha ein anerkjennande veremåte, vere tydelege vaksne i samspelet. Den vaksne må og visa empati å ha realistiske krav ut i frå barna sin alder og utvikling.

Med så mange barn saman som i ein barnehage vil det av og til oppstå konflikhtar og krangling. Dei vaksne får då ei rolle som konfliktløysarar og rettleiarar.

For at barn skal kunne utvikla evne til å løysa konflikhtar på ein konstruktiv måte, vert dei vaksne også her viktige modellar.

Dialogen vil stå sentral, og det vil vere av stor tyding at begge partar i konflikten får moglegheit til å setja ord på sine egne opplevingar av kva som skjedde. På denne måten vil barna lære å sette seg inn i andre sin situasjon, sette ord på sine egne kjensler, og i denne prosessen få nye erfaringar.

Framfor alt vil me vere gode rollemodellar. Med dette meiner me å vere vaksne som set grenser, gir omsorg, tryggleik og varme. Ein omsorgsfull relasjon er prega av vilje til å lytte, nærleik, innleving og evne og vilje til samspel. Omsorg skal prega alle situasjonane i kvardagslivet i barnehagen.

## Leik

Leiken er det som gir barna best grunnlag for å utvikla sosial kompetanse. Sosial kompetanse er både ein føresetnad og ein konsekvens av leiken.

Dette tyder at vi må legge til rette for leik i barnehagen. Me vaksne må ha respekt for barna sin leik og fridomen i leiken. Det vil sei at barna må få nok plass og uforstyrra tid til at god leik kan utvikla seg.

Barna treng godt og variert utstyr og leiker både ute og inne. Me vaksne må gi barna opplevingar, forteljingar og nye erfaringar for å utvikla leiken. Me har valt å vere mykje ute i Vikebygd barnehage då me ser at uteliv gir høve til allsidige leik.

Observasjon av leik er viktig. Det er fint at me veit kven som kan leike, kven som treng hjelp for å koma i gang, om det er nokon som styrer mykje og om det er nokon som ikkje får vere med. Det har også vist seg at leiken har betre føresetnader med ein vaksen i nærleiken. Barna føler seg tryggare når dei ser ein vaksen, og det blir ikkje så lett den sterkaste rett som gjelder.

## Læring

Barnehagen skal gi barn grunnleggjande kunnskap på sentrale og aktuelle område. Barnehagen skal støtta barna sin nysgjerrigheit, kreativitet og vitebegjær og gi utfordringar med utgangspunkt i barnet sine interesser, dugleikar og ferdigheiter.

Me vil ha barn som leiker, har tru på seg sjølv og sine handlingar, som tar initiativ, er delaktig og medverkande i barnehagedagen.

Læring skjer i alle situasjonar i barnehagen, strukturerte og ustrukturerte, i her - og no hendingar og planlagde aktivitetar, i samspel barn - vaksen og barn – barn, det skjer i det daglege samspelet med andre menneske og miljøet og heng nært saman med leik, oppseding og omsorg. Barn lærer gjennom alt dei opplever og erfarer på ulike område, vår oppgåve er å gje barn ulike erfaringar og opplevingar som dei lærer noko av. Me må møte dei på ein undrande og utforskande måte slik at det danne grunnlag for eit aktivt og utviklande læringsmiljø i barnehagen. For at læring skal finna stad er det viktig at me legg til rette for å skapa gode relasjonar til kvarandre.

## Sosial kompetanse

I rammeplan for barnehagen set ein sosial kompetanse på dagsorden som eit svært sentralt utviklings- og læringsområde for barn under skulepliktig alder.

For å forklara kva ein meiner med sosial kompetanse støttar me oss til Kari Lamer som deler sosial kompetanse inn i fem hovudområder:

### 1. Empati og rolletaking:

- leva seg inn i i andre menneske sine følelsar.

### 2. Prososial atferd:

- Positive holdningar og handlingar som til dømes hjelpa andre, dela, oppmuntra og visa omsorg. Dei er friviljuge og har til hensikt å vere til nytte for andre.

### 3. Sjølvkontroll:

- Kunne utsette eigne behov og ynskjer i situasjonar som krev turtaking, og handtering av konflikhtar.

### 4. Sjølvhevdning:

- Ta initiativ i høve til andre i samtalar, leik og felles aktivitetar.

### **5. Leik, glede og humor:**

Å føla glede, kunne slappa av, spøke og ha det moro. Kunne tre ut og inn i leiken, og involvera seg heilt og fritt i han.

Når vi fokuserer på sosial kompetanse ynskjer vi at barna skal:

- Bry seg om kvarandre.
- Ta vare på kvarandre
- Reagere på urett.
- Lytte til andre.
- Melde behov.
- Ta initiativ.
- Leike.
- Få vener.
- Vise høflighet.
- Ha det kjekt.
- Finne kreative løysingar i samspel.

Det som har størst betydning i løpet av barnehagedagen er kva barn lærer gjennom samspel med andre barn og vaksne. I dette samspelet vil den vaksne si rolle ha stor betydning.

### **Språkleg kompetanse**

Barnehagen skal sørge for at alle barn får varierte og positive erfaringar med å bruke språket som kommunikasjonsmiddel, som reiskap for tenking og som uttrykk for eigne kjensler og tankar.

Felles opplevingar og aktivitetar gir eit rikt høve til kommunikasjon barn - barn og barn - vaksne. Me vaksne i barnehagen er viktige som språklige modellar. Samtalar om felles opplevingar, om laust og fast, høgtlesing, forteljingar, songar, rim og regler og språkleiken BRAVO er mellom anna komponentar som er med å leggja til rette for eit rikt språkleg miljø i barnehagen vår.

Det har vore felles satsing på språk, med fokus på bruk av nynorsk, i alle barnehagar i Vindafjord f.o.m. hausten 2009.

Barna skal bli kjende med nynorsk språk og dialekt, i mellom anna songar, rim og regler. Dette styrkjer utvikling av eigen identitet. Dei skal få ta del i formelle språkgrupper, og opphalda seg i eit miljø som er språkrikt og språkstimulerande.

Med auka språkleg kunnskap blir barna betre førebudde til skulestart

### **Barnehagen som kulturarena**

Barnehagen skal formidla verdiar og kultur, gje rom for barna si eigen kulturskaping og bidra til at alle barn får oppleve glede og meistring i eit sosialt og kulturelt fellesskap. Barnehagen vår er ein viktig arena for å utvikle kulturell identitet. Vår barnehage er open for impulsar frå den lokale, regionale, nasjonale og globale verda.

Me legg også til rette for at barna skal få skapa sin eigen "barnekultur". Barn tolkar inntrykka sine og skaper meining ved å leike og gi form til det dei er opptekne av.

I Vikebygd barnehage er me også einige om å ta stor del i kulturen i nærmiljøet, gjennom formidling av tradisjonar, møte med bygdefolk, organisasjonar og institusjonar.



## 5. Fagområda

### Kommunikasjon, språk og tekst



Tidleg og god språkstimulering er ein viktig del av barnehagen sitt innhald. Kommunikasjon går føre seg i samspel mellom fleire aktørar, og kan vere både verbal og nonverbal. Me samtalar mykje om opplevingar, tankar og kjensler for å utvikla eit rikt og nyansert språk. Me brukar rim, regler, songar, dikt og ulike tekstar i arbeidet med språket. I tillegg har me leseklub/språkgrupper.

Me brukar "Snakkepakken" og BRAVO i samband med samlingsstund. Kartleggingsverktøyet TRAS (tidleg registrering av språkutvikling) vert brukt til observasjon og kartlegging av språket. Dette skjemaet vert overført til skulen ved skulestart.

### Kropp, bevegelse og helse

I småbarnsalderen tileignar barn seg grunnleggjande motorisk dugleik, kroppskontroll, fysiske eigenskapar, vanar og innsikt i korleis dei kan ta vare på helse og livskvalitet. Barn er kroppsleg aktive og dei uttrykkjer seg mykje med kroppen. I barnehagen vår har vi fokus på eit sunt og godt kosthald, vi har smørjemat til begge måltida, samt frukt og grønnsaker. Ein dag i veka har me oftast varmt måltid.

Me brukar naturen rundt oss til ulike motoriske og sansestimulerande opplevingar både på tur og i barnehagen sitt uteområde, me nyttar av og til gym.sal. Barnehagen har eigen lavvo.

### Kunst, kultur og kreativitet

Barnehagen skal gi barna høve til å oppleve kunst og kultur og til sjølve å uttrykkja seg estetisk. Mange av dei estetiske aktivitetane knytt til forming, musikk, dans og drama i barnehagen oppstår spontant, ved teikning, måling, konstruksjonsleik, rolleleik, song, samlingsstund osv.

Vidare har me faste aktivitetar i løpet av månaden der me eksperimentera med ulike materiale, syng, dansar, har rollespel, brukar musikkinstrument osv.

### Natur, miljø og teknikk

Me er ein barnehage som prioriterer natur- og uteliv

Denne vektlegginga veit me vil ha positive konsekvensar for barnet si utvikling. Det er eit mål for oss at barna skal få ei gryande forståing for økosystema i naturen og kor viktig ei berekraftig utvikling er.

Rammeplanen legg og vekt på tydinga av barns leik og opplevingar ute i naturen.

Det forventast at barna skal få oppleve friluftsliv og uteaktivitetar til alle årstider, noko som også er ein viktig del av den norske turkulturen.

Barnehagen vil dette året nytta mest mogleg den nye lavvoen som kjem opp i skogen i løpet av hausten. Her kan ein ha grupper med ymse aktivitetar, lage måltid og nytta naturen rundt lavvoen.

### Arbeidet vert gjort synleg gjennom:

- smågrupper på korte og lengre turar. Me har med stormkjøkken og kokar ute, lagar mat på bål eller har med matpakke. Me snakkar om og undrar oss over livet i naturen og gir barna forståing for planter, dyr, landskap, årstider og ver, miljøvern og samspelet i naturen.
- prioritering av uteleik

*"Fagområda speglar område som har interesse og eigenverdi for barn i barnehagealder, og skal bidra til å fremje trivsel, allsidig utvikling og helse. (Rammeplanen s.47)*

## **Etikk, religion og filosofi**

Dette fagområdet er med på å forme måten me oppfattar verda og menneska på, og pregar verdiar og haldningar. Me jobbar for at barna skal utvikla toleranse og interesse for kvarandre og respekt for bakgrunnen til kvarandre, uavhengig av den kulturelle og religiøse eller livssynsmessige tilhøyrsla. Rammeplanen beskriv den gyldne regelen:

**"ALT DU VIL AT ANDRE SKAL GJERA MOT DEG SKAL DU GJER MOT DEI".**

Andre relevante grunnverdiar som også rammeplanen strekar under er:

### ***Nestekjærleik, empati og solidaritet:***

Me vil ha barn som har evne til å leva seg inn i andre sin situasjon, som har evne til å lytta og som reagerer på urett.

### ***Menneskeverd:***

Me vil ha barn som opplever at dei har rettar, uansett kjønn, funksjonsnivå, sosiale, geografiske eller etnisk tilhøyrsla.

### ***Toleranse og respekt:***

Me vil ha barn som er sosialt handlingsdyktige og som bryr seg.

### ***Rettferd:***

Me vil ha barn som opplever å bli tatt på alvor slik at dei utviklar tryggleik til å utsetje egne ynskjer og behov slik at det gagnar andre.

### ***Sanning og ærlegdom:***

Me vil ha barn som utviklar evne og tryggleik til å setje ord på egne opplevingar og som vågar å vere ærlege mot seg sjølv og andre.

### ***Fred og forståing:***

Me vil ha barn som utviklar evne til å løyse konflikhtar på ein fredeleg og hensiktsmessig måte og som kan ta andre sitt perspektiv.

### ***Forvaltaransvar:***

Me vil ha barn som lærar å ta vare på seg sjølv, på ting rundt seg og naturen.

## **Nærmiljø og samfunn**

Me i barnehagen skal bidra til at barna møter verda utafor familien med tillit og undring. Me skal leggja vekt på å styrka kunnskapen om og tilknytninga til lokalsamfunnet, naturen, kunst og kultur, arbeidslivet, tradisjonar og levesett. Barna skal få utforske og oppdage nærmiljøet sitt. Dette skal me oppnå med å bruke nærmiljøet på tur, bruke nærbutikken når me handlar saman med barna, besøke arbeidsplassar og bedrifter i området. Me fortel segner og soger med lokal tilknytning.

Me skal også gi barna kunnskapar om samane som urfolk i Noreg.

## **Antall, rom og form**

Barn er tidleg opptekne av tal og teljing, dei utforskar rom og form, argumenterer og er på jakt etter samanhengar. Me ynskjer at barna gjennom leik, eksperimentering og kvardagsaktivitetar skal utvikla sin matematiske kompetanse. Me vil leggja til rette for allsidige erfaringar med tal, mønster og former, storleikar og mål, plassering og orientering, og nytta gode matematiske omgrep. Mykje av denne læringa skjer i ustrukturerte læringssituasjonar som oppstår her - og no.

## 6. Satsingsområde

*Kommuneplan 2007-2018 hadde to hovudmål for barnehageområdet, som begge nå delvis er nådde: full barnehagedekning, samt gode og funksjonelle lokale til barnehagedrifta. Felles satsingsområde i åra som kjem, er difor knytte til det som i kommuneplanen var plassert under utfordring: "arbeid med kvaliteten".*

*For å auke kvaliteten i barnehagane er det sett fokus på kompetanseheving av personalet gjennom felles kurs.*

### SATSINGSOMRÅDA

«Vera Saman», som var eit av satsingsområda til Haugalandsløftet, ligg til grunn i det daglige arbeid med barna. Me skal heile tida vera «varme og grensesetjande vaksne». Dette barnehageåret vert «psykologisk førsthjelp» ekstra satsingsområdet hos oss. I dette arbeidet brukar me begrepa raude og grønne tankar.

I 2018/19 held alle barnehagane i kommunen fram med kurs og implementering av den nye rammeplanen som kom i mai 2017.

Kommunen er også med i BTI. Dette er ein samhandlingsmodell for tenester som møter gravide, barn, unge og foreldre det er knytt undring eller uro til. Hensikta med BTI-modellen er å kvalitetssikra heilskapleg og koordinert innsats, utan at det blir brot i oppfølginga. BTI bidreg til tidleg innsats, samordning og medverknad.

BTI er ein samhandlingsmodell, som er illustrert gjennom fire nivå frå 0 til 3, sjå figuren under.

Denne viser at det tverrfaglege samarbeidet kan vera meir eller mindre omfattande og involvera få eller mange tenester eller instansar. Inndelinga i nivå og kompleksitet i samarbeidet er illustrert med puslespillbrikker, der kvar og ein er nødvendig med tanke på heilskapleg og koordinert innsats.

### BTI-modellen



**Nivå 3:** Eit breidt samarbeid som har med mange aktørar. Barnevern eller andre tenester kan vere involvert

**Nivå 2:** 2 eller fleire aktørar involvert. Viktig at det blir jobba med same målsetjing og at alle veit kva andre gjer.

**Nivå 1:** Innsatsen har 1 aktør, for eksempel barnehage, skule eller helse.

**Nivå 0:** Undring og tilrettelegging. Samtale med barn og føresette.



## 7. Overgang barnehage – skule

Rutinen for overgangen mellom barnehage og skule er forpliktande for både skule, barnehage og PPT. Rektor og styrar er ansvarlege for gjennomføringa.

TID	TILTAK	ANSVAR
SEPT.	Informasjon til foreldra i barnehagane, på foreldremøte eller i foreldresamtale, om: <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ rutinen i kommunen ang. skulestart</li> <li>▪ at skulen sender ut innskrivings skjema i des./jan.</li> <li>▪ at 1.mars er frist for å søkja om utsett skulestart</li> </ul>	Styrar
DES.- JAN.	Henta ut namneliste på Unique Skole, over dei som skal starta	Sekretær/ Rektor
DES.- JAN.	Annonse i avisene om at innskrivings skjema vert sendt ut	Stabs- rådgjevar
DES.- JAN.	Skulen sender innskrivings skjema til foreldra. Samtykke frå foreldra ang. innhald/informasjon som skal leverast til skulen, er del av dette skjemaet.	Rektor
JAN.- MARS	Evt. ressursmøte skule, barnehage, foreldre og PPT om spesialpedagogiske tiltak for elevane som skal starta på 1. steg.	PPT
VÅR- HALV- ÅR	Skulen held informasjonsmøte for foreldra med presentasjon av skulen, tilsette, organisering, lese- og skriveopplæringa, SFO o.a. Dette kan samkøyrast med besøk av elevane på skulen. Dette foreldremøtet kan haldast medan elevane er i lag med "skulefadrane" sine.	Rektor
VÅR- HALV- ÅR	Komande 1. steg vert innbedne til skulen. Får møta lærar, fagarbeidar, fadrar, sjå på lokala osb.	Rektor/ lærar
VÅR- HALV- ÅR	Alle barn i barnehagen skal observerast med TRAS det året dei tek til på skulen. Barnehagen lagar perm med ei side per barn, der det er bilete av barnet, samt litt info om barnet.	Styrar
VÅR- HALV- ÅR	Overgangsmøte mellom skule og barnehage, der barnehagen informerer om barna som skal ta til på skulen. Gjennomgang av TRAS og "Alle med". Deltakarar: Rektor, kontaktlærar for 1. kl. ped. leiar, styrar og ved behov repr. for PPT.	Styrar
AUG.- OKT.	Foreldresamtale på skulen. Foreldre får høve til å gje informasjon om barnet. Oppfølging av TRAS er også tema.	Rektor og kontakt-lærar
OKT.- NOV.	Evaluering av overgangsprosessen. Styrar og rektor tar del.	Styrar

- Ut over det som står i desse felles rutinane, kan sjølvstilt skule og barnehage avtala t.d. besøk av kontaktlærar i barnehagen, fleire besøk av barna på skulen osb.

## Overgang skule barnehage – våren 2019

I **januar** får alle som skal starte på skulen til hausten tilsendt eit innskrivings skjema. Der ber me om opplysningar me treng for å førebu ein god skulekvardag for kvar einskild.

**7.mai 2019** vil barnet bli invitert - saman med foreldre/føresette - til å vera nokre timar på skulen. Det blir då fellessamling, leik saman med 1. og 2. klasse og innskrivingsfest.

Det vert og eit møte for foreldra og rektor denne dagen.

**I juni** vil førskulebarna ha ein førskuledag saman med elevane som går i 1. klasse.

**I juni** har pedagogisk leiar i barnehagen, kontaktlærer for 1. klasse til hausten og rektor overføringsmøte. Der går ein gjennom TRAS og ALLE MED skjema og samtalar om kvart einskild barn som skal starte på skulen. PPT kan og vere med på dette møtet. Foreldra kan vera med på dette møtet om dei ynskjer det, då må foreldra melde frå til pedagogisk leiar på førehand.

I **august** vil foreldra bli inviterte til foreldremøte på skulen.

*«Barnehagen skal i samarbeid med foreldra og skulen leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god overgang frå barnehage til skule, eventuelt skulefritidsordning. (Rammeplanen s.33)*

## 8. Planlegging og medverknad

God planlegging kan bidra til gjennomtenkt og fornuftig bruk av dei menneskelege og materielle ressursane i barnehagen, nærmiljøet og naturområda. Planlegginga må baserast på kunnskap om korleis barn utviklar seg og lærer, individuelt og i grupper, på observasjon, dokumentasjon, refleksjon, systematisk vurdering og samtalar med barn og foreldre.

Årsplanen er målretta og vert skrive for kvart år etter mal frå kommunen. Den er eit styrande dokument som blir evaluert og utvikla. Den seier noko om kva me ynskjer å oppnå, kva me vil gjennomføra og korleis me vil leggja til rette.

Vidare skriv me periodeplan eller månadsplan for månadane som kjem. Me legg planar for ulike aktivitetar som skal gjennomførast i løpet av året, for gruppedeling, for deling av personalet og for korleis me vil jobba med dei ulike fagområda i Rammeplanen.

*«Barnehagen skal sikre barna sin rett til medverknad ved å leggje til rette for og oppmuntre til at barna kan få gitt uttrykk for kva dei synes om den daglege verksemda i barnehagen, jf. Barnehagelova § 1 og 3. (Rammeplanen s.27)*

### Barn sin rett til medverknad

Oppleringa av å meistre er viktig, om ein er vaksen eller barn. Å meistre ei oppgåve eller ein jobb, eller å få prøvd ut egne idear gir god sjølvtilitt. Ein føler seg tydingsfull og ein får konkrete erfaringar.

Ved å arbeide med barn sin rett til medverknad ynskjer me å leggja til rette kvardagen slik at kvart barn får moglegheit til å vere delaktig ut frå eige meistringsnivå.

Å verta sett, "tatt med på laget" av andre barn og vaksne, å verta lytta til og få moglegheit til å dele opplevingar, er viktige perspektiv i dette arbeidet.

Å arbeide med medverknad inneber også å:

- \* vidareføra barna sitt initiativ gjennom små og meir strukturerte prosjekt
- \* gjennomføring av barnesamtalar
- \* ta med på råd i situasjonar som oppstår her - og no

Å arbeide med barn sin medverknad må sjåast som eit ledd i å utvikle barn sin sosiale kompetanse. Ved at barna utviklar medvit rundt dei små val og avgjersler som tas, og det å få prøvd ut eigne idear i samarbeid med andre, gir dette eit godt grunnlag for utvikling av identitet og sjølvkjensle.

Også foreldra får høve til å vere aktivt med på å planleggje innhaldet i barnehagen, gjennom foreldrerådet og samarbeidsutvalet. Me legg og opp til drøfting av barnehagen sitt innhald på foreldremøte.

*“Dokumentasjon av det pedagogiske arbeidet skal inngå i barnehagen sitt arbeid med å planleggje, vurdere og utvikle den pedagogiske verksemda»  
(Rammeplanen s.39)*

## 9. Dokumentasjon

Læringa til barna og arbeidet til personalet skal gjerast synleg som grunnlag for refleksjon over barnehagen sitt verdigrunnlag og oppgåver og barnehagen som arena for lek, læring og utvikling.

**Vikebygd barnehage vil dokumentera verksemda si på denne måten:**

- Me evaluerer periode/ månadsplanen.
- Bilete tatt med digitale kamera gir god dokumentasjon av dagen i dag, av aktivitetar og opplegg. Bileta visast på flatskjermen i garderoben, som oppslag i garderoben eller på avdelinga, eller i ferdaskrinet slik at barn og foreldre kan sjå dei der.
- Gullkornbok kor me skriv ned fine ord og setningar som barna seier til kvarandre eller dei vaksne.
- Ferdaskrinet som me har i barnehagen er ein perm som fylgjer barnet frå barnehagestart til skuleslutt. Her har me ei fast ramme for innhaldet, og det er blant anna bilete, meistringsopplevingar, teikningar og arbeid som er gjort på avdelinga.
- 6-åringane får kvar vår med seg heim ein perm som syner alt dei har jobba med på skulekameratane det siste året i barnehagen.
- ”Tras” og ”Alle med” gir dokumentasjon av barna si læring og utvikling og blir brukt alle åra barna går i barnehagen.
- Produkt som barnet lagar, kan òg bli vist fram eller tatt med heim, som god handfast dokumentasjon på kva som er gjort.
- Opplegg med dei sju fagområda vil me for eigen del dokumentera etter kvart som me har opplegg og aktivitetar i grupper eller i fellesskap. Dette blir på same tid fortløpande evaluering.
- Referat frå møta våre er dokumentasjon for arbeidet med planlegging og pedagogisk ståstad.

## 10. Vurdering

Rammeplanen seier at me skal evaluera arbeidet me gjer. Me skal sjå på kva som gjekk bra, og kva som ikkje fungerte. Kva var grunnen til at det evt. ikkje fungerte, og korleis kan me gjera det betre?

*«Hovudformålet med vurderingsarbeidet er å sikre at alle barn får eit tilbod som er i tråd med barnehagelova og rammeplanen»  
(Rammeplanen s.38)*

### Vikebygd barnehage evaluerer på desse måtane:

Kva tid	Kven er med	Kva blir evaluert
Personalmøte på dagtid , ein gong pr.mnd (event. på kveldstid)	Personalet	Evaluering av opplegg og aktivitet. Pedagogisk grunnsyn.
Planleggingsdagar 5 i året.	Personalet	Årsplanarbeidet haust og vår Satsingsområda våre.
Kvar haust	Samarbeidsutvalet	Årsplanarbeidet haust og vår
Kontinuerleg direkte til oss eller via foreldrerepresentant.	Foreldra	Dagsrytmen, opplegg, aktiviteter, kva som helst. .
Etter ønskje	Foreldrerådet (alle foreldre)	Kva som helst
Kontinuerleg	Barna (direkte og indirekte)	Opplegg og aktivitet. Kva barna seier og gir uttrykk for kan gi oss viktige peikepinnar
Haut og vår	Barnesamtalar med skulekameratane	Korleis opplever barna kvardagen i barnehagen?

## 11.Samarbeid

### **Samarbeidsutvalet**

Består av representantar frå foreldregruppa og representantar frå dei tilsette. Samarbeidsutvalet sine hovudoppgåver er å vera eit rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ. Utvalet skal særleg vere med å drøfta barnehagen sitt ideelle grunnlag og arbeida for å fremja kontakt mellom barnehagen og lokalsamfunnet. Foreldrerådet og dei tilsette vel kvar kor mange representantar som skal sitja i barnehagen sitt samarbeidsutval, men slik at kvar gruppe er likt representert. Barnehagens eigar kan delta etter eige ønske, men ikkje med fleire representantar enn dei andre gruppene.

Kommunen kan bestemme at det skal vere felles samarbeidsutval for kommunal barnehage og grunnskule. Ved Vik skule og barnehage er dette felles. Representantane vert valde for eit år om gongen. Funksjonstida for eventuelle eigarrepresentantar vert fastsette av eigar. Samarbeidsutvalet konstituerer seg sjølv.

Dersom det blir avstemming i samarbeidsutvalet har kvar representant ei stemme, og vanleg fleirtalsvedtak gjeld. Dersom det blir likt med stemmer har leiaren dobbelstemme.

Samarbeidsutvalet skal ha kjennskap til og har rett til å uttala seg i saker som er viktige for innhaldet i barnehagen, verksemd og tilhøve til foreldra. Slike saker er mellom anna forslag til budsjett, endringar i drifta, nytting av arealet ute – og inne.

### **Foreldrerådet**

Foreldrerådet skal fremja fellesinteressene til foreldra og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppa skapar eit godt barnehagemiljø.

Foreldrerådet skal verta førelagt og har rett til å uttala seg i saker som er viktige for foreldra sitt forhold til barnehagen.

Ved avstemming i foreldrerådet har kvart barn ei stemme, og vanlege fleirtalsvedtak gjeld.

*«Intensjonen med foreldreråd og samarbeidsutval er at desse ordningane skal gi høve til å vareta foreldra sin kontakt med barnehagen på ein aktiv måte»  
(Rammeplanen s.30)*

## **Sentrale samarbeidspartnarar**

- Dei andre barnehagane i Vindafjord Kommune. Me får tips og idear av kvarandre. Har felles planleggingsdagar, kurs og fagmøter.
- Vik skule. Dei eldste barna i barnehagen blir invitert med på ulike DKS-tilbod som kjem til skulen. Barnehagen invitere skuleungane på besøk. Kvar vår får 6-åringane i barnehagen komma på besøk på skulen for å bli kjende med dei andre barna, klasserom og lærarar, me bruker skulebiblioteket og skuleungar har lesestund med barnehagebarna. Alle barn som startar i barnehagen får ein perm - "Ferdaskrin" som skal fylgje barna frå barnehagen og over i skulen. Denne permen får eleven med seg heim når han går ut av skulen. Ferdaskrinet skal brukast både pedagogisk, i samband med utviklingssamtalar med barna, og som eit minne frå barnehage og skuletida. Innhaldet skal følgje ei nøyaktig oppsett innhaldsliste både i barnehagen og på skulen.
- Pedagogisk psykologisk teneste (PPT)
- Høgskulen Stord Haugesund, avd. for barnehagelærar.
- Haugaland Opplæringskontor
- Helsestasjonen
- Oppvekstteam i kommunen. 3 gonger i året møtes oppvekstteamet for vårt område. Her kan ein drøfta utfordringar i barnehagen.
- Barneverntenesta
- Barne- og familierettleiar og psykisk helse team for barn og unge i kommunen

## **Andre sentrale arenaer for samarbeid og utvikling**

Kommunen varetar den totale drift av barnehagen, medan einingsleiar har ansvaret for drifta.

For å sikre god kvalitet og utvikling av barnehagen er evaluering ein viktig del av arbeidet.

Det er av stor tyding at brukarane (barn og foreldre) er med i denne prosessen.

Viktige arenaer for dette er:

- \* Foreldremøter/- konferansar
- \* Barnesamtaler

Ved å ha regelmessige evaluering vil ein ha moglegheit til å endra innhald, arbeidsmetode slik at ein på best mogleg måte når dei mål som er sett:

Viktige arena for dette er:

- \* Planleggingsdagar
- \* Personalmøter
- \* Leiarmøter
- \* Avdelingsmøter

### **Teieplikt**

Alle som jobbar eller har praksis i barnehagen har teieplikt med omsyn til tilhøve ein vert kjend med i arbeidet, i følge Lov om barnehager § 21. Det er kun barna sine foreldre og barneverntenesta som kan oppheve dei tilsette si teieplikt.

## **12. Pedagogisk plan for barnehageåret**

Her viser me til periode/månadsplan som me sender ut til alle foreldre i barnehagen. Desse planane er detaljerte og seier noko om kva me legg vekt på i månadane som kjem. Brevet gir informasjon om nyttige ting som angår barna og foreldre. Me viser også til satsingsområda i kapittel 6 i årsplanen.

